

ULVIK HERAD

SAKSPAPIR

SAKSGANG

Utval	Møtedato	Utvalssak
Formannskap	16.01.2019	005/19
Heradsstyret	30.01.2019	007/19

Sakshandsamar Præstiin, Lars	Arkiv: K2-V00	Arkivsaknr 15/413 - 37
---------------------------------	------------------	---------------------------

Ny fjellov

Vedlegg:

18-00137-3 Oversendingsbrev - foreløpig høyringsnotat om utgreiing frå Statsallmenningsutva
1125835_8_0
18875 Høyringsbrev NOU 201811 Ny fjellov
høringnotat per 23 11 18 forkorta versjonar
Høyringsinstanser
Møtebok ulvik fjellstyre 121118
Statsallmenningsutvalet - høyringsnotat til hovudstyret i KS
USS - høring om ny fjellov - orientering
Ny fjellov Sakspapir FSK sak 069/18
Høyringsuttale ny fjellov
Høyringsuttalelse Ulvik Fjellstyre
UTKAST TIL HØRINGSUTTALELSE - NOU 2018:11 NY FJELLOV-USS
2019-01-14 Utkast til USS høyringsuttalelse til NOU om ny fjellov - USS

Saksutgreiing:

(Revidert saksframstilling etter FSK 28.11.2018):

Ei ny fjellov er på høyring <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---nou-201811-ny-fjellov/id2608828/?expand=horingsbrev>. Lova skal regulere bruk og forvaltning av statsallmenningane. I Ulvik utgjer statsallmenninga meir enn halvparten av heradet sitt samla areal, om lag 363 km².

Statsallmenningslovutvalet føreslår i NOU 2018:11 at ei ny fjellov skal erstatte lov 6. juni 1975 om rettar og lunnende m.m. i statsallmenningane (fjellova) og lov 19. juni 1992 om skogdrift m.v. i statsallmenningane (statsallmenningsloven). Utvalet meiner det er tenleg å ha ein samla lov for statsallmenningane. Det er i hovudsak dei same eigedommane som har rettar etter dei to lovane, og dei regulerer dei same areala. Det vil vere gunstig med ei lov, og med eitt styre der alle interessene i allmenningane er samla. Der det i dag er både fjellstyre og allmenningsstyre føreslår utvalet difor at

det framover berre skal vere eit felles fjellstyre, regulert av ei felles lov.

Utvalet meiner modernisering og forenkling av lovverket er naudsynt for å sikre legitimitet til forvaltninga framover. Dei meiner òg at det er viktig at bruksrettane vert forvalta på lokalt nivå for å sikre nærleiken til dei som nyttar ressursane. Den lokalpolitiske tilknytninga gjennom den rolla heradet har med oppnemning av fjellstyret vert vidareført.

Lovframlegget byggjar på nokre grunnleggjande prinsipp: 1) forvaltninga skal vere *berekraftig*; og 2) dei fornybare ressursane i allmenningane skal i størst mogeleg grad og på berekraftig vis *brukast*. Statsallmenningane bør òg forvaltast i eit sær sars langsiktig perspektiv.

Lovutvalet er likevel delt i sitt syn på ein del saker, det gjeld til dømes samansetting av fjellstyre, oppsynsordninga, bruk av tilleggsjord og utnytting av vassfall. Utvalet har då delt seg i eit fleirtal og eit mindretal, og føreslått to ulike alternativ til formulering for nokre av paragraffane i lovforslaget.

Eit første utkast til høyringsfråsegn frå Ulvik herad vart lagd fram for Formannskapet 28.11.2018, møteinnkallinga vart sendt ut 21.11.2018. Den 23. november sendte i midlartid KS administrasjonen ut eit utkast til høyringsnotat med nye problemstillingar i høve til NOU 2018:11 Ny fjellov. Notatet vart lagd fram for Formannskapet i møtet 28. november. Grunna god tid til høyringsfristen, 28. februar, valte Formannskapet å returnere saken til administrasjonen for ny vurdering og å utsetje møtehandsaminga til det første møtet i 2019.

Sidan då har det komme e-postar frå både KS og USS, men ikkje noko endeleg høyringsnotat. Organisasjonane søkjer å samordne sine fråsegn. USS anbefaler medlemskommunane å vente med å vedta eigne høyringsfråsegn til etter me har fått USS sitt fråsegn. KS skal handsame saken i hovudstyret 25. januar, når USS skal handsame saken veit me enno ikkje.

Vurdering:

Møteplanen for Ulvik herad tillater dessverre ikkje at me ventar på dei endelege høyringsfråsegn frå KS og USS, dersom saken skal kunne verta handsama i både Formannskap og Heradsstyre før høyringsfristen 28. februar. (Men nye innspel frå organisasjonane kan eventuelt verta ettersendt før handsaminga i FSK/HST).

Eit hovudgrep i lovforslaget er å samle dagens fjellov og statsallmenningsloven i ei ny fjellov og eitt felles styre, det nye fjellstyret. Statsallmenningsloven gjeld allmenningar med drivverdig skog, og samanslåinga har såleis lite å seie for Ulvik.

Nokre endringar kan det likevel bli. Eitt fleirtal i lovutvalet går inn for at Statskog sin rolle som grunneigar bør reindyrkast. Forvaltning og administrasjon av bruksrettar vert lagt til fjellstyret.

Lovutvalet er einstemming i mange viktige spørsmål, og der utvalet er delt er mindretalet gjennomgåande lite. Fleirtalsforslaga byggjar på bredt kompromiss. Bred einighet er ei viktig føresetnad for god og effektiv forvaltning av statsallmenningane og for å sikre ordninga si legitimitet framover.

Det vert peika på, mellom anna frå Norges Fjellstyresamband (NFS), at fleirtalsforslaga vil bidra til forenkling og modernisering, og at dei vil sikre ein berekraftig bruk av statsallmenningane til beste for dei med allmenningsrett, lokalsamfunnet og storsamfunnet. Fleirtalsforslaga styrker det lokale sjølvstyret og inneberer overføring av oppgåver frå statleg til lokalt folkevalt nivå, men stiller samtidig større krav til profesjonaliteten i drifta av fjellstyrene. Forslaga leggjar òg til rette for meir lokal verdiskaping basert på ressursane i statsallmenningane. NFS meiner at forslaga vil bidra til betre folkehelse og bevaring av viktige tradisjonar for jakt, fiske og friluftsliv, samt «*meir effektiv bruk av fellesskapet sine ressursar*».

Fleirtalet meiner at føremålet med den nye fjellova skal vere:

«å legge til rette for ein berekraftig bruk av statsallmenningane, til beste for dei med allmenningsrett, for samisk reindrift, for allmenningsbygdene og for allmenta. Bruk og styring av statsallmenningane skal skje slik at allmenningsbruk, medrekna jakt og fiske for innanbygdsbuande, og samisk reindrift kan utøvast slik bruksrettshavarane og reindriftnar har rett til. Statsallmenningane skal også brukast slik at tilgangen til jakt, fiske og friluftsliv blir sikra for allmenta.» (§ 1-1).

Fleirtalsforslaga inneberer mellom anna:

- Vidareføring av eit generelt forbod mot sal av statsallmenningsareal for å bevare statsallmenningane som store, udelte eigedommar.
- At jordbruket sine bruksrettar, som til dømes beitebruk og stølsdrift, kan utvikles dynamisk med «tida og tilhøva».
- Ein tydeleggjering av fjellstyret sin oppgåve i høve til tilrettelegging for friluftsliv.
- Vidareføring av dagens regime for jakt og fiske, inkl. ordninga med prisrammer.
- At brutto grunneigarinntektene deles 50/50 mellom fjellstyre og Statsskog SF.
- Auke lokalt sjølvstyre. Fjellstyret vert oppnemnt av heradstyret, men allmenningsrettshavarane skal ha høve til å nominere eigne sine representantar til fjellstyret.
- Vidareføring av fjelloppsynet i regi av fjellstyret.
- Forslag om statleg grunnfinansiering av fjellstyrene sin verksemd med ivaretaking av viktige samfunnsgodar.
- Etablering av ein fellesorganisasjon for fjellstyrene, og større krav til profesjonalitet i drifta av fjellstyrene.

KS-administrasjonen er førebels samde i at Statsallmenningsutvalet med sitt framlegg til ny fjellov eit godt stykke på veg har lukkast med å overføre mynde frå statleg nivå, ved Statsskog SF, til eit meir

lokalt nivå, ved fjellstyra. Men KS er kritisk til at utvalet ikkje har vurdert kommunane sin rolle i forvaltninga av statsallmenningane, slik som mandatet la opp til. KS meiner difor det må gjennomførast supplerande utgreiingar og vurderingar for å sjå om det er føremålstenleg å bringe kommunane sterkare inn i forvaltninga av statsallmenningane. Organisasjonen talar for at kommunane sin rolle må styrkast, ikkje svekkast.

Dei meiner dessutan at samspelet med og grenseflatene mot andre lover er for dårleg utgreidd. Ny fjellov må gjere det klart at fjellstyra skal legge kommunale og regionale planar og anna offentleg rettsleg regulering til grunn i sin administrasjon av allmenningsrettane.

KS meiner vidare at det er uheldig at særlege nye bruksrettar, slik som rett til bygging av mindre kraftverk til dekking av eige forbruk, oppføring av gjetarbuer og inngjerding av beiteareal vert definert i fjellova. Det kan styrke jordbruksinteressene på kostnad av fellesinteressene.

Klare grenseganger og rammevilkår i høve til anna lovverk og andre offentlege styresmaktar er heilt essensielt, når målet er å modernisere og gjere ting enklare med tanke på å sikre forvaltninga legitimitet i lang tid framover. Det er òg viktig med klare rammer for oppgåvefordelinga mellom fjellstyret som administrator av bruksrettane og heradet som planstyresmakt.

Korleis styrkeforholdet mellom jordbruksinteressene og fellesinteressene skal vere, er eit meir politisk spørsmål, men det er viktig å finne ei god balanse.

Fleirtalets føreslåtte lovtekst er etter vårt skjønn eit godt utgangspunkt for ein ny fjellov.

Rådmannen sitt framlegg:

Ulvik herad er positiv til forenkling og modernisering av lovverket for bruk og forvaltning av statsallmenningane og stettar lovutvalsfleirtalet sitt framlegg til lovtekst, på fylgjande premissar:

- Statsallmenningane skal forvaltast i eit særst langsiktig perspektiv.
- Forvaltninga skal vere berekraftig.
- Dei fornybare resursane skal i størst mogeleg grad brukast, på berekraftig vis.
- Verdiskapinga frå statsallmenningane skal leggjast att lokalt, der verdiane er skapt.
- Jordbruket sine bruksrettar skal ivaretakast (utan at gå på nemneverdig kostnad av fellesinteressene).
- Lokalpolitisk forankring og lokalt sjølvstyre er viktig.
- Fjellstyret må ha riktig og tilstrekkeleg kompetanse, kapasitet og resursar, og klare rammevilkår i høve til heradet som planstyresmakt, regionale planer og annan offentleg rettsleg regulering.

16.01.2019 Formannskap

FSK- 005/19 Vedtak:

Samrøystes tilråding:

Ulvik herad er positiv til forenkling og modernisering av lovverket for bruk og forvaltning av statsallmenningane og stettar lovutvalsfleirtalet sitt framlegg til lovtekst, på fylgjande premissar:

- Statsallmenningane skal forvalta i eit særst langsiktig perspektiv.
- Forvaltninga skal vere berekraftig.
- Dei fornybare resursane skal i størst mogeleg grad brukast, på berekraftig vis.
- Verdiskapinga frå statsallmenningane skal leggjast att lokalt, der verdiane er skapt.
- Jordbruket sine bruksrettar skal ivaretakast (utan at gå på nemneverdig kostnad av fellesinteressene).
- Lokalpolitisk forankring og lokalt sjølvstyre er viktig.
- Fjellstyret må ha riktig og tilstrekkeleg kompetanse, kapasitet og resursar, og klare rammevilkår i høve til heradet som planstyresmakt, regionale planer og annan offentleg rettsleg regulering.

30.01.2019 Heradsstyret

HST- 007/19 Vedtak:

Samrøystes vedtak:

Ulvik herad er positiv til forenkling og modernisering av lovverket for bruk og forvaltning av statsallmenningane og stettar lovutvalsfleirtalet sitt framlegg til lovtekst, på fylgjande premissar:

- Statsallmenningane skal forvalta i eit særst langsiktig perspektiv.
- Forvaltninga skal vere berekraftig.
- Dei fornybare resursane skal i størst mogeleg grad brukast, på berekraftig vis.
- Verdiskapinga frå statsallmenningane skal leggjast att lokalt, der verdiane er skapt.
- Jordbruket sine bruksrettar skal ivaretakast (utan at gå på nemneverdig kostnad av fellesinteressene).
- Lokalpolitisk forankring og lokalt sjølvstyre er viktig.
- Fjellstyret må ha riktig og tilstrekkeleg kompetanse, kapasitet og resursar, og klare rammevilkår i høve til heradet som planstyresmakt, regionale planer og annan offentleg rettsleg regulering.